



Indre Nordfjord Turlag



Årsmelding Indre Nordfjord Turlag 2021



Aktivitetsplass på Fosnes



Kårdalstindane



Bru over Vangbergelva



Storlågspikjen



Indre Nordfjord Turlag Årsmelding 2021

Årsmøtet for 2020 vart halde onsdag 20.januar 2021 i Stryn Kulturhus. Årsmøtet vart utsett fleire gongar grunna Coronarestriksjonar. Kun 12 personar møtte inkludert styret. Årsmeldinga m/rekneskap vart godkjent. Av dei som stod på val i hovudstyret tok ikkje Siv Solheim attval, inn som nytt styremedlem kom Unni Verlo. I Barnas Turlag tok ikkje Cecilie Myklebust attval, og Terese Sunde kom inn som nytt medlem.

Hovudstyret i Indre Nordfjord Turlag 2021

Leiar	Olav Auflem
Nestleiar	Odd Henrik Berge
Sekretær	Unni Verlo
Økonomiansvarleg	Idar Skogli
Styremedlem	Bente Sunde
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Kristine Tønning
1.vara	Eva Guddal
2.vara	Siv Ragnhild Lillestøl
Revisor	Jon Valaker
Bre- og Fjellsporgruppa:	Leiar Bente Sunde – medlemmar – Jonny Hjelle/ Vidar Dysthe
Barnas Turlag:	Leiar Liv Sissel Dale – medlemmar – Siv Merete Aasebø/ Reidun Sandnes/Terese Sunde og Martin Klaeson
Hyttestyret Vetledalssetra	Stig Skåre/Per Jakob Kyrkjeide/Jon Erik Greidung og Dag Greidung
Nødbua Infimus	Ansvarlege Arne Heggstad og Hans Støle

Aktivitetsåret 2021

Året 2021 har også vore prega av Coronarestriksjonar og tiltak i forhold til desse. Styret har dette året behandla 42 saker – og styremøta har foregått både fysisk og digitalt. Spesielt to prosjekt har lagt beslag på mykje tid. Organisering og opparbeiding av badestrand ved Nasjonalparksenteret i Oppstryn og støyping bru over Vanbergelva. Medlemsmassen har halde seg stabil tross pandemien – ein liten nedgang – men vi er godt nøgd med 590 medlemmar pr.1.10.2021.

Representasjon/utsendingar til møter 2021:

Årsmøtet SFT	Odd Henrik Berge og Bente Sunde
Fellessamling Tungestølen SFT	Olav Auflem og Bente Sunde
Repr. i Jostedalsbreen	
Nasjonalparksenter	Olav Auflem
Kontaktpersonar Stryn Kommune/ Dagsturhytta	Olav Auflem/Renate Berstad
Medem Bre-/fjellsport SFT	Bente Sunde
Sti og Rutenettgruppe SFT	Lars Raae
Ressursgruppe Frivilleg DNT	Olav Auflem

Kurs/Anna

Nærturleiarkurs	Bente Sunde
Besøksstrategi Jostedalsbreen	
Nasjonalpark	Eva/Renate og Olav

Aktivitetsåret 2021

Det har vore stor turaktivitet i INT dette året. Av dei 43 turane som vart oppsett for 2021 inkl. onsdagsturane er det få som er blitt avlyst. På grunn av lite snø og skredfare vart nokre av skiturane avlyst. Nokre få av helgaturane og onsdagsturane vart også avlyst grunna «ufysleg» ver og ikkje tilrådeleg å gå. Samla registrering av deltakarar på turane våre og andre arrangement ligg rundt 1200. I tillegg kjem alle som har nytta turnettet vårt og hytta i Erdalen som turmål, samt tilbudet vårt om lån av Randoneeutstyr og tilbod om bruk av kanoar/supbrett ved nyoppretta badestrand ved Nasjonalparksenteret i Oppstryn.


Prosjekt Badestrand/Tilbod kano-supbrett.

I samarbeid med Nasjonalparksenteret fekk INT tilgang til naust og området rundt til oppretting av badestrand og tilbod om bruk av kanoar og supbrett for både medlemmar av INT og andre . Eit flott området som er blitt mykje brukt sommaren 2021. I mars/april var det dugnad med rydding av badestrand og naust. Bord vart sett ut på plenen ved sida av naustet, samt bålpanner. 4 stk. 4-mannskanoar og 3 supbrett vart innkjøpt,samt flytevestar og redningsvestar. Står att litt småpuss – men hovudprosjektet er gjennomført og godt motatt. Budsjettet på kr.90.000.00 skal holde og er finansiert med tilskot og eigenkapital. Frå Stryn Kommune mottok vi kr. 10.000.00/Stryn Ungdomsråd kr. 5000.00/Ildsselfondet til Sparebanken Vest kr. 20.000.00 samt at vi har nytta Frifondsmidlar tildelt gjennom DNT på kr.25.000.00. Resten er tatt av opparbeidd eigenkapital. I reine dugnadstimar for dette prosjekter er det stipulert brukt 300 timar (verdi av dugnadstimar kr. 90.000.00)



Prosjekt bru over Vanbergelva

Det vart oppretta ei eiga gruppe som har tatt seg av planlegging og organisering av prosjektet. Denne har bestått av Jan Træen (leiar),Pål Skarstein, Jarle Skaare/Anne Loen Skaare, Oddbjørg Myren Tønning og Jan Frode Tønning. 15.september vart brudekke og støyping gjennomført med presisjon av helikoptertransport og engasjert dugnadsgjeng. Rekkverk og anna arbeid vart gjort i ettertid. Nå står det att ein del bygging av klopper i myrområder opp mot Honvasshytta, så neste år er det meininga å fullføre prosjektet frå Skarsteinssetra til Honvasshytta. Indre Nordfjord Turlag har eit godt samarbeid med Olden Beitelag, og utan dei og hjelp av grunneigarar hadde prosjektert ikkje vore gjennomførbart. Sjølv bruprosjektet med helikoptertransport budsjetterte vi til mellom kr.50.000.00 og kr. 60.000.00, og det greier vi å holde. Totalt er det budsjettert mellom kr.75.000.00 til kr. 90.000.00 stinett/bruprosjekt. Midlar som er brukt /fått her er tidlegare avsette midlar kr. 23.000.00 INT/kr.15.000.00 gjennom Olden Beitelag/kr.10.000.00 frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Vi fekk også ei gledeleg melding no på haustparten frå Olden Ungdomsskule. Av oppsamla skuleturmidlar som vart tildelt ulike frivillege organisasjonar i Olden då tur vart avlyst grunna corona vart prosjektet sti/bruer Skarsteinssetra -Honvasshytt tilgodesett med kr. 8.000.00 Ein flott gest som vi set stor pris på i turlaget.



Årsmelding – Barnas Turlag 2021

Styret i Barnas Turlag har bestått av Liv-Sissel Dale (leiar), Siv Merete Aasebø, Martin Fredheim Klaesson, Terese Sunde og Reidun Elisabeth Sandnes. Vi har hatt 4 møter, alle via messenger.

Kick-off turen for Turbo turesongene hadde vi 1. mai (som vanleg). Vi delte arrangementet i to i år pga corona-restriksjonar, eit i Honndalen og eit her i Stryn. I Stryn gjekk turen frå skisenteret via Dagsturhytta på Kloppemyra og ned til sentrum. Vi var 8 personar som gjekk turen. I Honndalen var der litt fleire som gjekk, også der var det Dagsturhytta som var hovudstoppestad.

Vi har gjort litt om på turbopostane våre dette året – Skuten (har vi bytta med Visnesrunden), Dagsturhytta i Honndalen har vi bytta med Holeskarsetra, Bolleberget (ny), Mosehogane (ny) og Blåvatnet i Honndalen (ny). Vi har no 16 kassar ståande. Vi håpa dette skulle gjere det litt meir attraktivt å gå turane, men likevel er det «berre» 15 som har sendt inn skjema og som får premie. I år vert det ein kopp i metall med Turbo på til alle, og ein matboks i metall med Turbo på i tillegg til dei som har gått 10.

Kom Deg Ut-dagane

Er eit nasjonalt arrangement som vert arrangert 7. februar og 5. september. På vinteren vart det ikkje noko arrangement (pga corona), så dagen vart markert i lysløypa ved Stryn vinterski der vi hadde hengt opp ein tursti og oppfordra folk til å ta turen på eigenhand. På haust-varianten av dagen var vi ved nasjonalparksenteret i Oppstryn. Der var mellom 40-50 menneske innom.



I august hadde vi ein felles-tur til Grendasætra. Der var vi berre to vaksne og to ungar... Men tenkjer noko av grunnen til dårleg oppmøte var dårleg reklamering. Har ikkje lukkast å lage plakatar til dei ulike arrangementa våre i år.

Lommelyktturen (23.oktober) var i år litt anleis enn den pleier (pga snøen), vi gjekk ikkje frå Tonningssetra til Spjelkebu slik vi pleier. Vi flytta det ned til Hydlastova, men det slo an, og ca 40 barn og ein del vaksne var innom og fekk grille pølser, ake og leite etter refleks (og alle fekk diplom og premie). Veldig kjekke kveld.

Ellers dette året har vi fått til ei facebook-side for Barnas Turlag, som vi håpar når ut til ein del.

Dette året takkar Liv-Sissel Dale og Reidun Sandnes for seg og si tid i styret



Vetledalssetra ein fin sommardag

Hytta på Vetledalssetra vart opna i slutten av mai. Litt mindre overnattingar i 2 2721 enn 2020, men fleire dagsbesøk. 27 overnattingar og 127 dagsbesøk i 2021 mot 35 overnattingar og 75 dagsbesøk i 2020